

Cristina Solovastru
Bakkavegen 28
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/598 - 23/5165

Saksbehandlar:
Stein Kåre Løvslett
stein.kare.lovslett@austrheim.kommune.no

Dato:
02.06.2023

Vedtak - pålegg om retting av feil ved septiktank - gbnr 133/35 - Bakkavegen 28

Administrativt vedtak. Saknr: 068/23

Vi syner til melding frå NORVA 24 Vest AS vedrørende manglar ved avlaupsanlegg motteke
08.05.2023 (vedlagt)

Vedtak

Det vert gjeve pålegg om retting av feil ved slamavskiljaren på gnr. 133 bnr. 35 i medhald av plan- og bygningslova §§ 32-3 og 32-4, naturmangfaldslova §§ 8-12 og forureiningslova §§ 7 og 84 samt forureiningsforskrifta § 12-13.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.

Saksutgreiing:

Austrheim kommune har fått melding frå Norva 24 Vest AS som er operatør for tømning av septiktankar for NGIR i Austrheim kommune. I meldinga er det opplyst at det er lause skiljeveggari i septiktanken. Lause skiljeveggar fører til at reinsekapasiteten til septiktanken vert vesentleg redusert. Disse manglane fører til ulovlege utslepp og ureining av resipienten. Manglane må utbetrast av fagleg kompetent personell.

I tillegg er det påpeika feil ved lokket til septikktanken. Denne feilen kan føre til at mennesker eller dyr faller ned i tanken. Feilen må utbetrast umiddelbart.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal heimelshavar eller utførande skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Stein Kåre Løvslett
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Septiktømming - oppdrag med mangel - gbnr 133/35 - Bakkavegen 28
133 - 35
Bilete gbnr 133 - 35

Kopi til:

Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen

NGIR

Norva24 Vest As Avd Sløvåg

Lindåsvegen 1260

Sløvågen 16

5956 HUNDVIN

5960 DALSYRA

Mottakere:

Cristina Solovastru	Bakkavegen 28	5953	FONNES
Danut-loan Solovastru	Bakkavegen 28	5953	FONNES